

Odd Nordstogaer ein produktiv artist. Pilegrim-prosjektet i år blei eit lite steg til sida i forhold til hans siste solo-plater. Pilegrim er ei litt rolegare plate, men høsta gode kritikkar. I februar går han igjen i studio for å spele inn ny soloplate.

I ventetida til den nye plate kjem ut til hausten skal han spele nokre heilt få konsertar med sin nye kvartett. Kvartetten har berre spelt saman på nokre få konsertar, men har absolutt funne "tonen". På konsertane vil publikum få høyre låtar frå Odd sine siste plater, nokre Pilegrim-låtar, og heilt sikkert nokre smakebitar frå den nye plata som kjem til hausten. Uansett vert det lova ein nydeleg kveld med nydeleg musikk frå Odd Nordstoga og hans tre fantastiske musikarar.

Odd har med seg perkusjonisten frå Pilegrim-plata, Erland Dahlen, og framstår dermed i eit heilt nytt kvartettformat. Erland kjenner me som trommis i Madrugada og mange andre flotte band - så han blir ein flott forsterking.

Thomas Tofte, som opprinneleg kjem frå Lillehammer, har vore ein sentral bassist i norsk musikk gjennom mange år. Forutan i banda Locomotives og Kiruna, har han bidrege på scena og på plate med mange storeartistar, som til dømes AnneGrete Preus og Morten Harket. I Odd Nordstogas musikk har Tofte sytt for dei djupe frekvensar heilt sidan Luring kom i '04.

Daniel Sandén-Warg er ei sjeldan musikalsk plante. Daniel forlot som attenåring sine Jimi Hendrixplater og sin elektriske gitar i Karlstad, og flytte til Setesdal for å lære seg felespel etter spelemannen Torleiv Bjørgum. Tolv år etter er Daniel ein av dei viktigaste tradisjonsberarane i Setesdal. Ikkje berre på fele, men også som sylvsmed og ikkje minst som brukar av eit godt og ubesudla Hylestadmål. Som folkemusikar generelt er han av dei fremste i Skandinavia, og fargar det han er med på med sitt alltid nydelege, særeigne og personlege spel.